

Retningslinjer
for
Tilknytingsgebyr

Gjeldande frå 01.01.2013

Sognekraft AS

Generelt om tilknytingsgebyr.

Retningslinene for tilknytingsgebyr er utarbeidd for at kundane i forsyningsområdet skal få ein mest mogeleg einsarta handsaming. Det visast her til § 4-5 i ”Standard avtale for tilknytning”.

Retningslinene skal være tilgjengelege for elektroentreprenør som har oppdrag for våre nettkundar.

Tilknytingsgebyr:

Tilknytingsgebyr skal være innbetalt før stikkledningen vert tilkopla permanent.

Tilknytingsgebyr skal:

- Dekke eit gjennomsnitt av dei kunde-spesifikke kostnader (eks stikkledningen)
- Være ei generell eingongsbetaling for tilknytning av nytt anlegg eller utviding/forsterking av eksisterande anlegg.
- Tilleggast mva.

Utrekning av tilknytingsgebyr (TG):

Tilknytingsgebyret $TG = 2000 + (120 \times P)$ $P = \text{effekt (kW)}$

Minimum avgift er kr. 5000.- (+ mva) svarande til ein effekt på 25 kW

Ved utviding/forsterking av eksisterande anlegg betalast TG for den utvida effektgrensa for installasjonen (kW), dvs differansen mellom den nye og den gamle effektgrensa.

Ved utviding/forsterking av eksisterande anlegg som ikkje krev skifting av stikkledning er det ikkje krav om TG.

Nyanlegg.

Netteigar avgjer stikkledningen sin plassering, type og dimensjon.

Elektroentreprenøren sitt val av framføringsmåte, som kan redusere inntaksledningen sin straumføringsevne, er netteigar uvedkomande.

Til nye bustadfelt m.m. leverer 230/400 V TN-nett som standard.

Ved utvidingar av eksisterande bustadfelt og trafo-kretsar nyttast normalt 230 V IT-nett.

Stikkledning som jordkabel.

Netteigar leverer ferdig kabel i grøft fram til tomtegrense., Frå tomtegrense og til inntakspunktet leverer netteigar kabel og byggherre er ansvarleg for grøft.

Netteigar syter for at det vert levert kabel som når til første deling i bygningen.

Byggherre er ansvarleg for at grøft med omfylling er i medhald til gjeldande krav.
Frå inntakspunkt til el-fordeling legg byggherre/installatør 1 stk 75 mm rør. Det skal også
leggast 1 stk 75 mm rør til tele/fiber.

Stikkledning som luftinntak:

Netteigar strekkjer luftledning til endefeste på vegg og koplar til inntaksleidningar.

Netteigar kortslutningssikrar stikkledning.